

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 18.01.2023
SAKSHANDSAMAR: Stian Sægrov, Vidar Vie
SAKA GJELD: **Prehospital plan – rapportering andre halvår 2022**

ARKIVSAK: 2021/ 4625

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
26.01.2023

STYRESAK:
006/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret konstaterer at Helse Førde leverer gode og forsvarlege prehospitaler tenester i samsvar med plan.
2. Administrerande direktør blir bedd om å legge fram neste evaluering etter første halvår i 2023.

Oppsummering

Helse Førde har gjennomført dei aller fleste endringane som er vedtekne i prehospital teneste i Ytre Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn. Tenestene som vert leverte, har god kvalitet, og det er godt samarbeid med kommunar og andre aktørar i dei prehospitale tenestene.

Fakta

Arbeidet med prehospital plan i Helse Førde starta i 2017. Planen vart vedteken i januar 2020, men nokre område skulle utgreiast vidare. Det omfatta Lavik (i praksis Dalsfjorden og Ytre Sogn), Hornindal/Volda (i praksis Indre Nordfjord) og Ytre Bremanger (i praksis Bremanger kommune og delar av Kinn kommune).

Dei nye utgreiingane vart lagt fram for styret i Helse Førde i november 2021. Det vart gjort slikt vedtak:

Styret viser til bestilling gitt til administrerande direktør då styresak 007/2020 vart handsama i januar 2020, og gjer følgjande vedtak:

- 1. Ambulansestasjonen i Lavik blir oppretthalden. Den eine døgnbilen i Fjaler vert gjort om til dagbil. Endringa skal gjennomførast i dialog med kommunane.*

Endringa inneber m.a:

- Spesialbygd hurtiggående katamaran med ambulansemedarbeidar og maritimt personell med medisinsk kompetanse til å vere personell nummer 2 i ambulansebil ok*
- Ein døgnbil og ein dagbil stasjonert i Dale*
- Kvit bil til å avlaste transportoppdrag og dermed frigjere beredskap i området.*
- Beredskapsbil i Askvoll, på Atløy og Værlandet*
- Bruk av beredskapsferje ved behov frå Askvoll til Atløy.*
- Bruk av flåtestyring av bilar og båtar ved behov.*
- Ved varsel om ekstremvær eller andre ekstraordinære forhold vil eitt eller fleire tiltak vere aktuelle: Ta kontakt med kommunen i høve tilpasningar i den akuttmedisinske kjeda, vurdere å omgjere dagbil i Dale til døgnbil, vurdere å auke beredskap ambulansesebåt frå to til tre båtar.*

- 2. Helse Førde skal medverke til å utvikle samarbeidet med kommunane Høyanger, Fjaler, Hyllestad og Askvoll og dei andre aktørane i den akuttmedisinske kjeda, inklusiv medverke til utvikling av akutthjelparordninga i samarbeid med kommunane.*

3. *Dei primære ressursane for å dekke behovet for prehospitale tenester i Ytre Bremanger skal vere ambulansébåt frå Florø og ambulansebil frå Svelgen. Endringa skal gjennomførast i dialog med Bremanger kommune.*

Endringa inneber m.a:

- *Spesialbygd hurtiggåande katamaran med ambulansemedarbeidar og maritimt personell med medisinsk kompetanse til å vere personell nummer 2 i ambulansebil*
- *Beredskapsbil i området Kalvåg/Smørhamn og beredskapsbil i området Leirgulen/Rugsund*
- *Døgnbemanna ambulansebil i Svelgen, og der vaktskiftet som hovudregel skal skje i Svelgen (ikkje Florø)*
- *Bruk av flåtestyring av bilar og båtar ved behov.*
- *Kvit bil til å avlaste transportoppdrag og dermed frigjere beredskap i området.*
- *Ved varsel om ekstremvær eller andre ekstraordinære forhold vil eitt eller fleire tiltak vere aktuelle: Ta kontakt med kommunen i høve tilpassingar i den akuttmedisinske kjeda, vurdere å bemanne beredskapsbil i Ytre Bremanger, vurdere å flåtestyre ambulanse til Ytre Bremanger, vurdere å auke beredskap ambulansébåt frå to til tre båtar, vurdere å midlertidig flytte ambulansébåt frå Florø til Bremanger*
- *Helse Førde skal medverke til å utvikle samarbeidet med Bremanger kommune og dei andre aktørane i den akuttmedisinske kjeda, inklusiv medverke til utvikling av akutthjelparordninga i samarbeid med kommunen.*

4. *Endringane knytt til stasjonane i Fjaler og Ytre Bremanger skal ikkje gjennomførast før dei nye ambulansébåtane er i full operativ drift.*

5. *Administrerende direktør skal dei første to åra etter endring i tenestene gjennomføre halvårleg evaluering av utviklinga av tenestetilbodet, i dialog med kommunane. Evalueringa skal gjerast med utgangspunkt i risikovurderingane for Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn, med særleg vekt på responstid og tilpassingar i uvér, og administrerende direktør sine vurderingar i denne saksutgreiinga. Evalueringane skal leggast fram for styret.*

6. *Samanslåinga av Hornindal og Volda får ingen konsekvensar for dei prehospitale tenestene i Nordfjord. Forslaget som låg til grunn etter fase 2 for prehospital plan kan gjennomførast.*

7. *Administrerende direktør skal orientere styret om framdrift i arbeidet med innføring av prehospital plan, og endringar i nasjonale føringar for tenestene.*

Prosjektgruppa for fase 3 av prehospital plan har hatt sju møte. Siste møtet vart gjennomført 8. november 2022. Prosjektleiari har meldt til styringsgruppa i pasientens helseteneste at prosjektet kan avsluttast.

Denne styresaka er administrerande direktør si tilbakemelding til styret i samsvar med punkt 5 og 7 i vedtaket. I tillegg er styret orientert om viktige saker under AD-orientering i tidlegare styremøte.

Dalsfjorden og Ytre Sogn

Dei to båtane i Solund og Askvoll vart erstatta med ny båtambulansedrift i Solund, som frå 1. mai 2022 har dekkja oppdrag både i Solund og øyane i Askvoll. Den nye ambulansebåten vart sett i drift 10. mai og har, i tillegg til ambulansesarbeidar frå Helse Førde, eit maritimt mannskap med medisinsk kompetanse til å vere personell nummer 2 i ambulansebil når det er aktuelt. Beredskapsferje mellom Askvoll og Atløy for helseoppdrag var også på plass 1. mai 2022.

Ambulansestasjonen i Dale har hatt to bilambulansar i døgndrift. I samsvar med vedtaket vert dette endra til ein døgns- og ein dagbil alle dagar frå medio februar 2023. Døgnambulanse med kasernevakt alle dagar er oppretthalden i Lavik, og blir med endringa i februar ein satellittstasjon til Fjaler. Fjaler ambulansestasjon flytta inn i nye lokale i beredskapsbygget i Dale i desember 2022. Beredskapsbil er plassert ut i Askvoll, Atløy og Værlandet. Beredskapsbilen i Askvoll har ikkje vore nytta til reelle oppdrag i perioden, men har delteke i samvirkeøving på Askvoll omsorgssenter.

Bilar og båtar vert flåtestyrte ved behov og kvit bil avlastar transportoppdrag for å frigjere beredskap i området.

Ordninga fungerer i tråd med intensjonane i tidlegare vedtak. Båtambulansetilbodet leverer i tråd med driftsavtale, og bruken av ekstraferje for Atløy fungerer som eit godt avbøtande tiltak.

Det er gjennomført evalueringssmøte med Askvoll kommune 20. desember 2022 i samsvar med frekvens på halvårleg evaluering. I tillegg var det synfaring og «open båt» for kommunestyret i Askvoll 14. september.

Når det gjeld utvikling av samarbeid med kommunane i området så har Helse Førde leigd ut utstyr og deltar i forum og nettverk om Første-BEST (tidlegare kommune-BEST som omhandlar teamtrening og simulering). Det er i regi av kommunane etablert akutthjelparordningar i Hyllestad, Fjaler og Askvoll gjennom kommunalt brannvern, i tillegg til lokale akutthjelparordningar i grender.

Tilbakemeldingar etter endringane

Ambulansetenesta har fått svært få tilbakemeldingar etter endringane som så langt er gjennomført i området. Det er motteke ei klage på at det ikkje vart rekvirert ekstraferje i eit tilfelle AMK-sentralen meinte at det kunne nyttast ordinær ruteavgang. Askvoll kommune har gjeve tilbakemelding på at tilbodet er som førespegla, men er framleis uroa over konsekvensane når endringane på stasjonen i Dale blir gjennomførte.

Forhold i risikoanalysen for endringane i Dalsfjorden og Ytre Sogn

Saman med utgreiingar og styresak vart det lagt fram risikovurderingar knytt til dei føreslegne endringane i Dalsfjorden og Ytre Sogn. Tabellen under tek utgangspunkt i risikovurderinga i 2021.

Risikoområde	Status og kommentarar per januar 2023
Responstid	<p>I denne kartlegginga har vi konsentrert oss om responstider i Askvoll og Solund. I perioden mai-desember 2021 versus 2022 har responstidene blitt korta ned i begge kommunar.</p> <p>Askvoll: Responstid i snitt 22 min. (2022), mot 25 min. (2021).</p> <p>Solund: Responstid i snitt 11 min. (2022), mot 17 min. (2021).</p>
Samtidskonfliktar	<p>Det føreligg ikkje eigne rapportar og uttrekk på samtidskonfliktar. Sett i forhold til responstid er det ikkje grunnlag for å sjå at det har vore noko omfang av samtidskonfliktar til no etter endringane.</p>
Infrastruktur	<p>I perioden har det ikkje vore situasjonar som har utfordra veg og annan infrastruktur. Kortvarige rasstengingar på fv. 609 Heilevang – Hestvik i Askvoll kommune utan at dette medførte beredskapsmessige tiltak.</p> <p>Vestland fylkeskommune har vore i kontakt med Helse Førde om planarbeid knytt til delprosjekt for utbetring av fv. 57 (Dale-Storehaug) og passering for utrykkingskøyretøy.</p>
Ekstremvær	<p>Det har ikkje vore vêrforhold som har medført behov for å setje i verk ekstraordinære tiltak, eller som har hindra fartøya i å gjennomføre oppdrag.</p> <p>Det er mannskapslugar på båtane slik at dei kan flåtestyrast etter behov og vêrtilhøve. Driftsavtalen opnar for å rekvirere reservebåten som tredje fartøy i ekstraordinære situasjonar.</p>
Storulykker	<p>Det er ingen bedrifter i Solund, Fjaler og Askvoll som kjem under storulykke-forskrifta (Høyanger er halde utanfor, i og med at det ikkje er gjennomført endringar i ressursane i kommunen).</p>
Kompetent personell	<p>Det er høg grad av kompetent personell ved dei ulike stasjonane. Moderne stasjonsfasilitetar i Dale og rotasjonsordning mellom Lavik og Fjaler sikrar gode fysiske arbeidslokale, og vil medverke til å gjere det attraktivt å jobbe på stasjonar med god aktivitet. Rotasjonsordning sikrar jamn oppdragsfordeling.</p> <p>Summen av faglege tiltak med høg kurs- og øvingsaktivitet bidrar til høgare kompetanse, og meir føreseielege tenester.</p>

	I startfasen har det vore høg aktivitet på trening og arrangert eigen fagdag for tilsette i rotasjon på båtambulansen i Solund.
Medarbeidarkvalitet	<p>Personellet i Lavik var gjennom omorganisering, og blir frå februar 2023 del av rotasjonsordning på ambulansane i Dale og Lavik. Ambulansetenesta flytta inn i ny ambulansestasjon i Dale i desember 2022.</p> <p>GulenSkyss bygger ny stasjon på Hardbakke som skal vere innflyttingsklar våren 2023.</p> <p>Helse Førde og GulenSkyss har regelmessig dialogmøte for å sikre godt samarbeid og oppfølging av kontraktsmessige tilhøve.</p>
Medverknad frå andre aktørar i den akuttmedisinske kjeda	<p>Ambulansebåten i Solund trener regelmessig med redningshelikoptertenesta i Florø og har utvikla gode prosedyrar og retningslinjer for samvirke og m.a. vinsje-operasjonar.</p> <p>Det er eit godt samarbeid med andre naudetater, og øvingar for 2023 er under planlegging (mellom anna i Solund).</p>

Ytre Bremanger

Endringa i ambulansetilbodet i Bremanger vart utsett med ein månad fordi ny ambulansebåt var forseinka frå verft. Reservebåten vart sett i drift 10. mai 2022, og frå 1. juni vart døgnambulansen i Svelgen primærressurs i Bremanger. Den nye ambulansebåten, Roseflora, vart sett i drift frå 1. september.

Den nye båtambulansen har same medisinsk kompetanse som bilambulansane og handterer primært oppdrag i Florøbassenget og Bremangerøya.

Det er utplassert ambulansebil i Kalvåg for å kunne handtere oppdrag på Bremangerøya. Det er også utplassert beredskapsbil på fastlandet i Bremanger (Leirgulen), men den har ikkje vore nytta i perioden. Ambulansetenesta ser det som føremålstenleg å flytte denne bilen til Berle, noko kommunen ikkje har merknader til. Dette vil kunne sikre meir saumlause forflyttingar og kome betre til nytte enn ved dagens plassering.

Vaktskifte for ambulansebil i Svelgen skjer no i Svelgen og ikkje lenger i Florø.

Båtambulansen i Florø har medisinsk kompetanse i samsvar med akuttmedisinforskrifta og lik krava til å bemanne ambulansar. Organiseringa krev difor ikkje lenger medisinsk bemanning frå ambulansebilane ved båtambulanseoppdrag.

Bilar og båtar vert flåtestyrte ved behov og kvit bil avlastar transportoppdrag for å frigjere beredskap i området.

Ambulansebåten har hatt om lag 30 oppdrag i månaden, som er om lag det dobbelte av estimert aktivitet. Over halvparten av desse oppdraga er knytt til Bremanger kommune som

våren 2022 inngjekk samarbeid med legevakt i Kinn (Florø). For enkelte pasientar i Ytre Bremanger er båttransport til Florø både vesentleg kortare i avstand og tid og ei meir skånsam reise.

Det er gjennomført evalueringssmøte med Bremanger kommune 7. desember i samsvar med frekvens på halvårleg evaluering. I tillegg har det vore synfaring og «open båt» for kommunestyret i Bremanger 15. september. I all hovudsak opplever ein tilbodet som godt og velfungerande og i samsvar med slik endringane var tenkt og beskrive. Båttilbodet fungerer godt. Det har ikkje vore vêrforhold som har medført behov for å setje i verk ekstraordinære tiltak, eller som har hindra fartøy i å gjennomføre oppdrag.

Når det gjeld utvikling av samarbeidet med kommunen og andre aktørar i den akuttmedisinske kjeda, har Bremanger kommune etablert akutthjelparordning ved fleire av sine lokale brannstasjonar, til dømes Kalvåg, Hauge, Berle, Davik og Svelgen. Kommunen har sjukepleier i Svelgen som legevaktsatellitt når legekontora i kommunen er stengde. Dette er eit lokalt tilbod som samarbeider tett med vaktlege i Florø, m.a. med bruk av videostudio.

Tilbakemeldingar etter endringane

Det er mottatt to klager eller tilbakemeldingar etter endringane. Ei av desse er knytt til pasient som fekk biltransport og forlenga transporttid til sjukehus då ambulansebåten same døgnet hadde hatt fleire oppdrag og mellom anna hjelpt Kinn kommune med transport av mannskap til ein brann på øya Kinn. Dette medførte at mannskapet på båten var pålagt kvile, og oppdraget vart løyst med bilambulanse.

Den andre var knytt til observasjon av at ambulansabil i Kalvåg stod nedsnødd og ruta nedisa etter eit snøfall i desember. Siste var knytt til ei mangla viftetilkopling. Avbøtande tiltak er sett i verk.

Forhold i risikoanalysen for endringane i Bremanger og Kinn

Saman med utgreiingar og styresak vart det lagt fram risikovurderingar knytt til dei føreslegne endringane i Bremanger og Kinn. Tabellen under tek utgangspunkt i risikoområda som vart vurderte i 2021.

Risikoområde	Status og kommentarar per januar 2023
Responstid	Responstider på fastlandet av Bremanger, inkl. Berle er likt som før endringa. Aktivitet på ambulansen i Svelgen har gått tilbake etter endringa. For oppdrag på Bremangerøya var det førespegla at responstider ville auke med omlag 25 minutt til eit gjennomsnitt på 39 minutt i Kalvåg og 53 minutt på Hauge for omlag 50 oppdrag årleg. Tala for eit halvår i drift med ny modell samsvarer med tidlegare estimerte berekningar.
Samtidskonfliktar	Ambulansabil i Svelgen har redusert sin aktivitet mot tidlegare. Det var venta aktivitetsauke på denne. Av talgrunnlag legg vi til grunn

	at det i liten grad førekjem samtidskonfliktar, då bilen er ledig for oppdrag i kring 90 prosent av samla beredskapstid.
Infrastruktur	I perioden har det ikkje vore situasjonar som har utfordra veg og anna infrastruktur.
Ekstremvær	Det har ikkje vore vêrforhold som har medført behov for ekstraordinære tiltak, eller som har hindra fartøyet i å gjennomføre oppdrag. Det er mannskapslugar på båtane slik at dei kan flåtestyrast etter behov og vêrtilhøve. Driftsavtalen opnar for å rekvirere reservebåten som tredje fartøy i ekstraordinære situasjonar.
Storulykker	Elkem i Svelgen, kjem under storulykke-forskrifta. Ingen ulykker i perioden. Vil delta på regelmessige øvingar.
Kompetent personell	Det er høg grad av kompetent personell ute på stasjonane. Rotasjonsordning mellom Florø og Svelgen medverkar til jamn oppdragsfordeling. Fleirtalet av tilsette i Florø går og vakter på ambulansebåten. Summen av faglege tiltak med høg kurs og øvingsaktivitet i tenesta bidrar til høgare kompetanse, og meir føreseielege tenester. I startfasen har det vore høg aktivitet på trening og navigasjonsøving for ambulansebåt.
Medarbeidarkvalitet	Personellet i Ytre Bremanger var gjennom omorganisering, og er blitt del av rotasjonsordning på ambulansane i Florø og Svelgen, i tillegg til båtambulanse. Rotasjonsordning på båt har for mange vore ei spennande og ny utfordring. Helse Førde og GulenSkyss har regelmessig dialogmøte for å sikre godt samarbeid og oppfølging av kontraktmessige tilhøve.
Medverknad frå andre aktørar i den akuttmedisinske kjeda	Akutthjelpargrupper gjennom kommunal brann og redning i Kalvåg, Berle og Svelgen samt på Hauge og Davik. Sjukepleiar i legevaktsatellitt i Svelgen er eit tiltak for eit meir lokalt legevaktstilbod opp mot lege i vakt i Florø. Ambulansebåten i Florø trener regelmessig med redningshelikoptertenesta i Florø og har utvikla gode prosedyrar og retningslinjer for samvirke og m.a. vinsje-operasjonar.

Andre forhold knytt til endringane i Dalsfjorden/Ytre Sogn og Bremanger/Kinn

Kvit bil

Oversikt over bruk av kvit bil viser at denne har utført oppdrag både i Bremanger, Kinn, Askvoll og Fjaler. Dette kjem i tillegg til hovudtyngda av oppdrag i Sunnfjord. Ressursen har i tråd med intensjonen avlasta akuttambulansar for oppdrag på dagtid, noko som har styrka lokal beredskap. Frå 1. januar 2023 er kvit bil organisert under AMK i Helse Førde, og blir styrt derifrå. Ordninga vert endra frå prøveperiode til permanent ordning. Opningstid blir utvida med to timar, og ressursen vil kunne rekke fleire oppdrag med å vere i drift frå kl. 08.00 til kl. 17.00.

Ambulansebåtar

Ambulansebåtane har vore i drift i kring eit halvår og har fungert etter intensjonane. Både opplæring på fartøy, og operasjonsområde dei skal brukast i, var nytt. Alle oppdrag er utførte, og fartøya er og prøvd under kraftige påkjenningar.

Aktiviteten er som venta i Solund, og høgare enn estimert i Florø. Dette heng saman med endra legevaktorganisering i Bremanger som har eit samarbeid med Florø på kveld, natt og helg.

Bruk av luftambulansenesta og redningstenesta

Til denne evalueringa har ein ikkje etterspurt talgrunnlag frå luftambulansenesta på førespurde oppdrag og gjennomførte oppdrag. Det er likevel danna grunnlag for at luftambulansenesta blir kalla ut og gjennomfører mange oppdrag i situasjonar der tilstanden er alvorleg. Luftambulanse reduserer reisetid til sjukehus for dei som er busette i utkantar, langt frå sjukehus.

Båtambulanse- og redningshelikoptertenesta har etablert eit tett samarbeid og øver på samhandling og samvirke med kapasitet for heiseoperasjonar mellom båt og helikopter, samt redning frå sjø. Slikt samarbeid har óg blitt gjennomført under reelle redningsaksjoner.

Andre forhold

Indre Nordfjord

Vedtaket knytt til Hornindal/Volda innebar at dagbilen i Stryn fekk utvida aktiv tid, primært på helg. Det har ført til redusert belastning på døgnbilane og ei betre fordeling av oppdrag.

Samarbeid med kommunar

Ambulansenesta har teke initiativ til å invitere kommunane i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn til fagmøte mellom ambulanse- og kommunehelsetenesta om akuttmedisin. Møta skal gjennomførast i januar og februar. Målgruppa i kommunane er fastlegar og vaktlegar.

Nasjonale krav og retningslinjer, forskrift

Helsedirektoratet har svart ut oppdraget frå Helse- og omsorgsdepartementet knytt til å vurdere forskriftsfesting av responstid og å sette ein standard for kompetanse og utstyr. Helse Vest har delteke i arbeidsgruppa med ressursar frå Helse Førde. Det er ikkje kjent kva som skjer vidare med saka.

Kviletidsreglar

Ambulansetenesta har kviletidsreglar for tilsette i bilambulansetenesta ved høg aktivitet. Det same gjeld for båtambulanse og maritimt mannskap. Det er utarbeidd retningslinjer som skal sikre at vi har kapasitet til å gjennomføre oppdrag og sikre nødvendig kvile gjennom døgnnet.

Stenging av Lærdalstunnelen

Statens vegvesen planlegg for utbetring og oppgradering av Lærdalstunnelen. Det er lansert to alternativ for stenging. For ambulansetenesta vil både ei langvarig stenging på nærare eitt år, eller nattestengt tunnel over fleire år, kunne medføre behov for etablering av mellombels stasjon i Aurland, og styrking av ressursar elles i Sogn. Ei stenging vil og få store konsekvensar for drifta ved Lærdal sjukehus. Helse Førde utarbeidar ei samla konsekvensutgreiing innan 1. februar.

Legevaktssatellitt

Legevaktspiloten i Sogn og Fjordane som har involvert fleire av kommunane i SYS IKL er avslutta. Det gjeld óg den økonomiske finansieringa som er avslutta. Det er uvisst i kva grad kommunane vil vidareføre ordninga utan delfinansiering.

Kommentarar

Arbeidet med prehospital plan var eit omfattande arbeid som gjekk frå 2017 til 2021. Sjølve planen vart vedteken i 2020 og styret er halde orientert om gjennomføring av dei ulike tiltaka. Denne gjennomgangen viser at det aller meste frå styret sitt vedtak i november 2021, del-leveransane i planarbeidet, er sette i verk, og at det fungerer som tenkt.

Det er få negative tilbakemeldingar etter eit halvt års drift med ny modell i dei to områda; Dalsfjorden/Ytre Sogn og Ytre Bremanger, og det er ikkje registrert avvik som handlar om korleis tenestetilbodet er organisert.

Som varsla, så har responstidene for nokre område i Ytre Bremanger auka etter omlegginga. Utviklinga i responstider skal også vere ein del av neste evaluering.

Dei nye båtane fungerer godt, og vert opplevd å vere gode sjøbåtar for områda dei skal dekke. Dei er konstruerte for gode arbeidsforhold, skånsam transport og betre behandlingsmoglegheiter enn dei gamle båtane. Legevaktssamarbeidet mellom Bremanger og Kinn om Ytre Bremanger gjer også at båten i Florø har fått eit utvida bruksområde i høve til tidlegare. Båtane har fungert godt i krevjande vêr og oppdragssituasjonar.

Askvoll er framleis uroa for følgjene på kveld og natt når den eine døgnbilen på stasjonen i Fjaler blir gjort om til dagbil i februar. Erfaringane av omlegginga blir også ein del av neste evaluering.

Omleggingane i dei to områda skapte ein god del uro hos innbyggjarane før saka vart handsama av styret for vel eitt år sidan. Administrerande direktør er nøgd med gjennomføring av vedtaket, og den gode kommunikasjonen som har vore med kommunane i etterkant.

Konklusjon

Innbyggjarane i Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn får gode prehospitala tenester også etter omleggingane. Omgjering av eine døgnbilen ved stasjonen i Fjaler til dagbil blir gjennomført i februar. Styret får framlagt ny evaluering av tenesta etter første halvår 2023.

Vedlegg:

1. Referat Halvårleg evaluering av utviklinga av tilbodet innan dei prehospitala tenestene i Askvoll
2. Referat Halvårleg evaluering av utviklinga av tilbodet innan dei prehospitala tenestene i Bremanger